

Festidalen satsar på julafest også i år men som i fjor finn han stad i Kulturhuset på Husnes og ikkje her i dalen. Dei storkosa seg i regionhovudstaden i fjor og finn difor ingen grunn til å flytta på seg, kunngjer dei. Laurdag er dagen og programmet bør frista nokon kvar. Det er lagt opp etter samme mønsteret som i fjor og startar med ein quiz der ein kan vinna både pass til neste Festidalen og guida tur på dei 7 fjell. Rosinen i julepølsa denne gongen er imidlertid det nye stjerneskotet på EDM-fronten som kallar seg Matoma.

Han kjem slett ikkje frå California eller ein annan eksotisk stad, men frå Flisa i Hedmark. Hans eigentlege namn er Tom Stræte Lagergren og han er 23 år gammel. Av utdanning har han bachelor frå musikkteknisk line i Trondheim. Han har vore invitert til å spela på store events i USA og kontraktstilboda strøymmer inn, får vi veta.

Festidalen-arrangørane hevdar at han får ein til å drøyma om sandstrender, paraplydrinkar og gradiose festar gjennom å spela herleg elektronika. Sjangeren vert kalla Tropical House og bergensaren som kallar seg Kygo har gjort det skarpt i den tidlegare. For den som ikkje er heilt orientert om kva dette dreier seg om er den enklaste forklåringa at det er elektronisk datamusikk.

Festidalen opplysar til uskedalen.no at kulturhusets kapasitet ikkje er heilt sprengd, men det nærmar seg 340 som er full kapasitet. Det er framleis 50 bilettar ledige og dei kan ein få kjøpt ved å gå inn på nettsida til Festidalen. Den ligg mellom fleire stader til venstre på denne sida.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Festidalen.